

Skjåk Kommune
Moavegen 30
2690 Skjåk

Svar på høyring angåande framtidig eigarforhold av Sotvegen 2007/568/26/

Lidar Vel er ei frivillig velforeining for hytte- og setereigarar frå Dyringen til Mysubytta. Vi er eit talarør for medlemmene våre, men har ikkje høve eller kapasitet til å drifta veg.

Lidar Vel meiner at Sotvegen er særskilt viktig for Skjåk både som hyttekommune, friluftskommune, nasjonalparkkommune. Vegen er òg viktig for DNT, turistar og dei 150 hyttene og setrene som ligg i området. Sotvegen er ei hovedferdselsåre sentralt inn til Breheimen nasjonalpark.

Med bakgrunn i dette meiner Lidar Vel det er naturleg at dagens ordning med kommunalt eigarskap og driftsansvar held fram.

Her er nokre generelle synspunkt frå Lidar Vel uavhenging av framtidige eigarforhold:

- Vegen må rustast opp til forsvaleg stand, i hht sak 49/13 (vedlegg til høyringsbrev av 04.07.2014).
- For Lidar Vel er det eit krav at Sotvegen framleis blir ein heilårsveg.
Dette er mellom anna naudsynt for å kunne drive nødvendig tilsyn på hytter: takmåking, lukka jets-toalett, vassanlegg, elektrisitet/varme og kjøvingar osb. Vidare har Lidar Vel utstyr og mannskap til køyring av skiløyper. For å kunne oppretthalde eit godt løypetilbod i det flotte området må Sotvegen vere heilårsveg.
Eit siste punkt når det gjeld heilårsveg er at dersom vegen skulle bli vinterstengt, vil det medføre store verditap for alle hyttene på Liavatnet. Kven blir evt. ansvarleg for desse tapa? Hytter og tomter på Liavatnet har blitt marknadsført som heilårshytter.
- Prisen på årskort bør haldast på dagens nivå.

Dersom denne prosessen likevel fører til at eigarforholda blir endra, må Skjåk Kommune etter vårt syn sikre at punkta over blir oppfylt før ei overtaking. Vi vil oppmøde om at nye eigararar må være lokale, og vi vil sjå det som ein fordel om deler av eierskapet blir lagt ut for salg til alle hytte- og setereigarar i området.
Ved en ny organisering bør ikkje bom-inntektene gå til auka administrering av vegen, men mest mogleg må gå til drift og vedlikehald.

Lidar Vel sitt hovudynskje er likevel at dagens ordning med Skjåk Kommune som ein sentral part held fram. Dette sikrar ein god og sikker lokal styring av denne viktige vegen.

Vegen genererer i dag ei inntekt på over 300 000,-. Dersom ein trekkjer frå faste driftsutgifter og brøyting står ein att med rundt 200 000,- til anna drift og vedlikehald av vegen. Dette er mykje penger som våre medlemmer er den største bidragsytares til. Vi meiner ei storskala opprusting av vegen delvis bør kunne lånefinansierast innanfor dette budsjettet. Det vil føre til ein sterk reduksjon i generelle vedlikehaldskostnader i åra framover.

Til slutt vil vi seie at Skjåk, med hytter, natur og friluft som satsingsområde, har mykje å tene på ein robust, sikker og heilårsopen Sotveg. Ikkje minst gjev dette ein positiv effekt på kommunen sitt omdøme med tanke på alle tilreisande som ferdast på vegen.

Lidar Vel
v/styre
Stig Erlend Banken
Formann